

Søknad

Søknadsnr.	2019-0013	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	SØKNAD MIDLAR TIL FAGLEG FORANKRING STUDENTBEDRIFT 19/20			

Kort beskrivelse

Høgskulen på Vestlandet satsar på å vidareføre studietilbodet innovasjon og studentbedrift hausten 2019 i samarbeid med Ungt Entreprenørskap. Det er planlagt ei utviding av tilbodet ved å tilby studiet til campus Bergen, Haugesund og Stord. Planlegging, gjennomføring og fagleg fordjuping i studentbedrifta vil gje 10 studiepoeng. Vedlagt ligg utkast til emneplan for studiet. Høgskulen dekkjer sjølve kostnadane til gjennomføring av studiet tilsvarande kr. 180 000.

Prosjektbeskrivelse

Det vil vera to hovudtema i studiet – innovasjonsprosessar/utvikling av forretningside med gode praktiske døme frå etablerarar, og utvikling av forretningsplan/ forretningsmodell for eigen forretningside. Høgskulen dekkjer sjølv kostnadane med undervisninga.

For å forankra arbeidet med entreprenørskap og studentbedrift på dei 4 fakulteta bør det setjast av ressursar til ein fagansvarleg på kvart fakultet som rekrutterer og fylgjer opp arbeidet med studentbedrift, rettleiar studentbedriftene og er pådrivarar for entreprenørskap på eigen avdeling. Dei fire fakulteta det er snakk om er fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), fakultet for økonomi

og samfunnsvitskap (FØS), fakultet for helse- sosialvitskap (FHS) og fakultet for ingeniør og naturvitskap (FIN). Vi vil saman med UE søkja om ekstern finansiering til dette. Totalt er det snakk om 200 at til fordeling – 50 at per avdeling. Ungt Entreprenørskap skaffar mentorar som rettleiar og fylgjer opp studentbedriftene. Dette er ein del av konseptet studentbedrift som UE køyrer, og vil ikkje påføra studiet ekstra kostnader. I tillegg vil UE gå inn med totalt 100 arbeidstimar fordelt på fylgjande aktivitetar : kursing av lærarar på alle

avdelingane, rettleiing av studentar ved oppstart studentbedrift og organisering av ulike kurs samt førebuing til messer / NM for studentbedrifter. Dei beste ideane bør få tilbod om stipend, og fylgjast opp av Kunnskapsparken/IN for moglege vidareføring/kommersialisering. Dette kan vera ei gulrot for vidare innsats.

Vi søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr. 150 000 til fagleg forankring, oppfølging og pådrivarfunksjonar på høgskulen sine avdelingar i Sogndal og Førde.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane Org.nr:985984344	Tunavegen 7 6817 NAUSTDAL	95817898
Kontakt- person	Holger Aasen	Horne Brygge 6901 FLORØ	95817898
Prosjekt- leder	Eivind Husabø	Tunavegen 7 6817 NAUSTDAL	41530660

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane mottok offentlig støtte gjennom statsbudsjettet og via samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Støtte til tilsvarende prosjekt for studieåret 2018/2019 - kr. 100 000,-

Spesifikasjon

Bakgrunn

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har i flere år gjennomført studentbedriftprogrammet på fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett i samarbeid med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Studieåret 2018/2019 vart studiet "Innovasjon og studentbedrift" gjennomført ved Campusane Førde og Sogndal. Studentar frå fakultet for ingeniør og naturvitskap samt fakultet for økonomi og samfunnsvitskap deltok på studiet. 10 studentar i alt og 2 registrerte studentbedrifter. Ein ynskjer no å vidareføre dette tilbudet ved HVL med ei utviding til fleire campusar.

Prosjekt mål

Å få vidareført studietilbodet innovasjon og studentbedrift - 10 studiepoeng på dei to fakulteta der dette vart gjennomført studieåret 2018 /2019 (FHS og FIN). Utvide tilbudet til dei to fakulteta som ikkje deltok dette studieåret (FLKI og FHS). I tillegg er det eit mål å utvide tilbudet ved å rekruttere studentar frå campusane i Bergen, Haugesund og Stord i ei samkøying med campus Førde / Sogndal.

Dette skal organiserast som eit kvalifiserande studietilbod med 10 studiepoeng.

Forankring

Ei vidareføring av satsinga er forankra i leiargruppa til Høgskulen på Vestlandet.

Det er også forankra i styret i Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

Prosjektorganisering

Prosjektet er organisert som eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og Ungt

Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Prosjektleder vil vere Eivind Husabø, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. Prosjektleder har jobba i UE systemet i 12 år og har i denne perioden hatt ansvar for mellom anna UE si satsing på høgskule / universitet.

Samarbeidspartnere

Dei sentrale samarbeidspartane i prosjektet er Høgskulen på Vestlandet og Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane. I tillegg har ein eit samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, Norsk Selgerutvikling AS og Skatt Vest. Andre samarbeidspartnarar vil hentast inn etter behov. Det kan vere representantar frå lokalt nærings- og arbeidsliv. Det kan også vere delar av virkemiddelapparatet som Innovasjon Norge og lokale næringsutviklingsselskap. Tidlegare studentar som har hatt studentbedrift vil bli henta inn for å eksemplifisere i høve til erfaringsutveksling og praktisk gjennomføring av studentbedrift.

Aktiviteter

Etablering av nye studentbedrifter. Innovasjonsprosessar/utvikling av forretningside med gode praktiske døme frå etablerarar, og utvikling av forretningsplan/ forretningsmodell for eigen forretningside. Viser ellers til detaljert emneplan for studiet som ligg vedlagt.

Målgrupper

Studentar ved Høgskulen på Vestlandet

Resultat

Etablering av nye studentbedrifter ved dei 4 fakulteta på Høgskulen på Vestlandet som nemnt tidlegare.

Effekter

At programmet studentbedrift blir endå bedre forankra internt ved Høgskulen på Vestlandet. Vår søknad til

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil vere heilt avgjerande i høve til dette. Studentar på høgskulen er nær etablering av eiga verksemd og denne satsinga vil difor kunne bidra til framtidig verdiskaping i både i Sogn og Fjordane og i det nye Vestland fylke.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Mars 2019 : Utlysing av studietilbodet på HVL sine nettsider

Mars - August 2019 : Arbeid med å rekruttere studentar til studiet på dei fire fakulteta og fem campusane

August 2019 - Oktober 2019 : Intensivere arbeidet med rekruttering fram mot søknadsfrist som er 1. oktober.

Oktober 2019 : Studiestart

Oktober 2019 - Mai 2020 : studieperiode - gjennomføring av studiet i henhold til emneplan

Mai 2020 - Eksamen og evaluering av studiet

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Frikjøp av ressursar ved HVL	75 000	75 000				150 000
Gjennomføring av studiet ved HVL	90 000	90 000				180 000
Sum kostnad	165 000	165 000				330 000

I tillegg kjem eigeninnsats som følger :

Vestlandshøgskulen : 190 arbeidstimar + reisekostnader

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane : 100 arbeidstimar + reisekostnader

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Høgskulen på Vestlandet eigenandel	90 000	90 000				180 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	75 000	75 000				150 000
Sum finansiering	165 000	165 000				330 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Emneplan studentbedrift 2018 10stp.doc	345 600	11.01.2019
Oversikt samlingar - innovasjon og studentbedrift - HVL.docx	64 453	11.01.2019